



DEN NORSKE KYRKJA

Gol Kyrkjeleg Fellesråd

Kulturdepartementet

Journalnr: 134/14

Arkiv: 550

Vår ref: AGJ

Dato: 30.09.2014

Gol kyrkjeleg fellesråd takkar for moglegheita til å koma med uttale til NOU 2014: 2 Lik og likskap og har følgjande kommentarar (vedteke i møte 26.08.2014)

- Fellesrådet ser i utgangspunktet positivt på at det blir lagt opp til mest mogleg likskap i samband med gravferd.
- Mange av forslaga har store økonomiske konsekvensar for fellesråd og kommunar. Gol kyrkjeleg fellesråd meiner at alle desse økonomiske tapa for fellesrådet, må kompenseras fullt ut gjennom øyremarka midlar og ikkje gjennom rammetilskotet. KOSTRA – innrapportering på gravferd er positivt og kan vera grunnlaget for tildeling av øyremarka midlar i denne samanhengen.
- Fellesrådet er skeptiske til at utgiftene til båretransport til krematoriet skal overførast frå NAV til gravferdsforvaltninga. Dei minste kommunane som ligg lengst borte frå krematoria, er dei som vil få dei største utgiftene. Ofte er dette også kommunar eller regionar som det er lite aktuelt å bygge opp eigne krematorium i. Dersom denne ordninga blir realisert, MÅ det kompenseras etter reelle utgifter og ikkje etter antal innbyggjarar eller andre type utrekningsmodellar.
- Dersom handsaming av søknader om askespreiing skal overførast frå Fylkesmannen til gravferdsforvaltninga, må det svært klare reglar til for kva som er lov og ikkje lov. Ved å spreie dette ansvaret ut til mange ulike gravferdsforvaltningar, er sjansen større for at det blir meir ulikheiter enn når det ligg til Fylkesmennene.
- Fellesrådet i Gol ser positivt på kolumbarium, men meiner det verkar framandt. Det vil også vera eit økonomisk spørsmål om oppretting av midlertidig gravplass som dette.
- Fellesrådet meiner at skal ein få meir likskap ved gravferd, bør produkt og prisar i dei ulike gravferdsbyråa vera betre regulert. Det har vorte meir og meir kommersielt rundt gravferder med flotte kister, bøker, fotoalbum, ulike katafalkar med meir som det blir teke betaling for frå byråa. Dei pårørande er ofte i sjokk og sårbare når dei skal ta ulike val om slike ting og vil gjerne gjera det beste for å skape ei fin gravferd. Alt det kommersielle rundt gravferder bør reguleras betre skal ein oppnå meir likskap og mindre utnytting av folk i sårbare fasar.»

For Gol kyrkjeleg fellesråd
Anne Gerd Jorde
kyrkjeverje